LINDÅS KOMMUNE
Byggesaksavdelinga

Bergen og Omland Havnevesen
Postboks 6040
5892 BERGEN

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
| --- | --- | --- |
| Dykkar: e6590ba7-7f47-4172-9c36-45cec640914c | Siril Therese Sylta | 19.09.2018 |
| Vår: 17/2127 - 18/28787 | SirilTherese.Sylta@lindas.kommune.no | |

# Ber om vedtak etter hamne- og farvasslova - gbnr 135/1 Smedholmen

Lindås kommune viser til dykkar førehandsuttale vedkomande kai og flytebrygge på gbnr 135/1 datert 03.09.2018, dykkar referanse 2018/37074-2) der det vert stilt spørsmål til om tiltaka er i samsvar med plan.

Plan- og miljøutvalet handsama søknad om dispensasjon den 25.04.2018, der følgjande vedtak vart fatta:

*Plan- og miljøutvalet - 062/18:* ***:*** *Med heimel i plan- og bygningslova §§ 19- 2 og 19-3 vert det gjeve mellombels dispensasjon frå arealføremålet LNF, arealføremål i sjø og frå plan- og bygningslova § 1-8 i inntil 2 år for følgjande tiltak:*

*1. Bruksendring av fritidsbustad (omtalt som hovudhus i søknaden) til selskapslokale/kafé/overnatting*
*2. Bruksendring av naust/sjøbu til bar/skjenkelokale*
*3. Kai mot aust med mål på 17x4 meter*
*4. Flytebrygge vest på holmen målsett til 24 meter*
*5. Frittståande telt vest på holmen, plassert mellom sjøbu og flytebrygge. Mål 9x6 meter.*
*6. Takoverbygg på platting i tre ved hovudhuset 6x3,4 meter.*
*7. Treplatting langs sjøbu som skal få endra bruk til bar/skjenkelokale. Det vert gjeve dispensasjon til treplattingen på vilkår av at denne vert redusert i omfang og kun vert ført opp i same lengde som fasade på sjøbua mot nord.*

*Dispensasjonen vert gjeve på følgjande vilkår:*
*· At det ligg føre skriftleg avtale med Lindås kommune om rett til bruk av parkeringsplass på gbnr 132/5*

Forholdet til gjeldande plangrunnlag er avklart i dispensasjonsvedtaket.

Vi viser og til vårt brev datert 16.05.2018, der saka vart sendt over til dykk for vedtak etter

hamne- og farvasslova.

Lindås kommune vil handsame søknad om rammeløyve. Det vert sett som vilkår at løyve frå dykk ligg føre før det vert gjeve løyve til igangsetting. Vi ber om at kopi av vedtaket vert sendt til kommunen.

Innsyn i saksdokumenta finn de her.

Med helsing

Siril Therese Sylta
avdelingsleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Bergen og omland havnevesen | Postboks 6040 | 5892 | BERGEN |
| Gamle 3 Hus AS | Bellgården 1 | 5003 | BERGEN |
| Solholmen Invest AS v/ Torleif Stendal | Blombakken 1 | 5911 | ALVERSUND |

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Bergen og Omland Havnevesen | Postboks 6040 | 5892 | BERGEN |